



Utlendingsdirektoratet
Norwegian Directorate
of Immigration

Informasjon om behandling av personopplysningar i mottak

Du som er asylsøkjjar skal følgast opp på ein god måte.

Mottaket og UDI kan behandle personopplysningar om deg som er nødvendige for å kunne

- tilby deg ein plass i mottak
- sørge for at du får dei pengane du har krav på
- gi god omsorg til deg som er einsleg mindreårig asylsøkjjar
- følge deg opp på ein måte som er tilpassa deg, i mottaket du bor i
- følge deg opp dersom du får avslag på søknaden din om beskyttelse og må reise heim

For å få til det, må mottaket registrere og bruke bestemte personlege opplysningar om deg på vegne av UDI.

Når vi behandlar personopplysningane dine, skjer det innanfor rammene av dei lovene og forskriftene som regulerer oppgåvene og pliktene våre, utlendingslova, forvaltningslova og personopplysningslova.

Mottaket og UDI har teieplikt og kan berre utlevere personopplysningane dine viss det står i lova at vi kan gjere det eller dersom du samtykker til det.

Du kan ta kontakt med mottaket for å få informasjon om

- kva for personopplysningar mottaket har registrert om deg
- kor opplysningane er henta frå
- korleis dei blir brukte
- Korleis dei er sikra

Du kan krevje at opplysningar om deg som er feil, blir retta eller sletta. Du kan også be mottaket eller UDI om å få ei utskrift av personopplysningane dine.

Du kan lese meir om korleis UDI bruker personopplysningane dine i Utlendingsdirektoratet (UDI) si personvernerklæring, som du finn på udi.no.

Underskrift og stadfesting

Eg har forstått informasjonen eg har fått i dette skrivet.

Stad og dato

Underskrifta til deg som er asylsøkjjar / verge